

Saksframlegg

Saksbehandlar: Frank Tore Farsund Tveit, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/8504-1

Høyringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - fjerne aldersavgrensing for BPA

Fylkesrådet for menneske men nedsett funksjonsevne skriv høyringsuttale i møte 16. september.

Vedlegg:

Høyringsnotat BPA

SAKSFRAMSTILLING

Helse- og omsorgsdepartementet har på høyring eit forslag om å fjerne den øvre aldersavgrensinga for rett til brukarstyrt personleg assistanse for personer som allereie før fylte 67 år har fått innvilja ordninga.

Departementet foreslår i vedlagte notat ei utviding av rettighetsbestemmelsen i pasient- og brukarrettighetslova § 2-1 om brukarstyrt personleg assistanse. Dette for å skape trygge og føreseielege rammer rundt tenestetilbodet til personar med store og langvarige behov.

Høyringsfristen er sett til 25. oktober 2019.